

Astrids kokebok

Lokalmat
frå
Bjerkreim


Astrids kokebok

Lokalmat frå Bjerkreim

I denne kokeboka fortel Astrid Bjerkreim om lokal mat frå Bjerkreim, om kordan dei utnytta råstoffa, og om korleis maten vart tilberedt. Ho er fødd i 1930 og voks opp i ein søskenflokk med 11 søsken, 6 gutter og 5 jenter. Denne heimen satte preg på Astrid sine interesser for matstell og matkultur.

Bjørn Hille har vore ein viktig kulturbærer i Bjerkreim i mange år, og har ein rikholdig fotosamling frå bygda. Her vil du få sjå ein del av denne samlinga hans.

Aaland Gård, mai 2013
Paul Tengesdal



Bilde side 2:
Bjerkreim Sentrum.
Øygard, heimplassen til Astrid
ligg på flata i bakgrunnen,
rett opp av kyrkjjetårnet.

Bilde denne side:
Astrid med kjøkkengrytene.

Nederst:
Bergkrystaller frå Ørsdalen.



Astrid var vant med å hjelpa til i heimen heilt frå ho var liten. Ho har og vore med mor si som «bygdekokke» i mange anledningar, men har og koka aleine. Her ser me henne i ein konfirmasjon på Vikeså.

Julie, mor hennes, var eit uvanlig arbeidsmenneske. Ho fekk tid til det meste, ho sydde alt av barnetøyet, hadde vevstol i kjelleren og gjekk alltid og strikka då ho hadde «ei ledig stund» ute. Ho var dyktig i matlaginga, og var «fast» kokke rundt i bygda i selskapelige anledningar, enten det var konfirmasjoner, bryllup eller begravelser.

Luther, far til Astrid, var flink med kjøttarbeid. Han slakta både heime og hos naboer, og så hadde han fast arbeid i Egersund under haustslaktinga.



Takk!

Eg vil særlig takke Gjertrud B. Helland og Hege Tengesdal Ommundsen som har hjulpet meg med å skriva oppskriftene over på data. Derneft vil eg takke Paul Tengesdal som har intervjuja meg om kordan me hadde det før i tida, og deretter satt opp boka med tekst, bilder og oppskrifter. Og til sist, ein stor takk til alle som har bidratt med sine bilder.

Eit godt måltid mat er til glede for både kropp og sjel. Her er også samla en del anekdoter fra det gode liv som gir ettertanker.

Bjerkreim, mai 2013

Astrid Bjerkreim

I koking, som i livet ellers, er den einaste måten å fortelje om hvilke oppskrift som er best; det er å lese gjennom den, og prøva den ut.

Kor oppskriftene finnes:

	Side
MJØLK.....	10
EGG.....	16
KJØTTRETTER.....	20
FISK.....	27
BLODMAT.....	31
INNMAT.....	35
GJÆRBAKST.....	40
SMÅKAKER.....	52
STORE KAKER.....	58
HELLEBAKST.....	64
DESSERT.....	68
GRØNNSAKER.....	68
BÆR OG FRUKT.....	73
PYNTING.....	78

Litt om meg sjølv



Her ser du heile familien hjå fotografen i Stavanger i 1945. Eg står bakerst til venstre.

Min hovedinteresse har alltid dreid seg om mat og matlaging, og det som høyrer til. Etter folkeskulen gjekk eg på Dalheim. Då vart eg fast bestemt på at; «*Eg skal bli husstellærer*». Så gjekk eg vidare på Ryggjabø Husmorskule.

Deretter fekk eg prøvd meg som telefondame på sentralen, men det likte eg ikkje. Det vart mykje gildare då eg fekk meg arbeid på Ysteriet på Fjermedal. Der hadde me det gildt. Eg var sammen med Bergljot, Allis og Margrethe som var meiersker, og me budde oppe på Ysteriet. Det var alltid eg som laga maten.

Då det nye meieriet vart ferdig på Vikeså i 1952 flytte me dit. Det var ein kjempeplass!

Men eg hadde forlengst lagt mine planer om kva eg ville bli. Eg søkte meg til husmorskulen på Stabekk for eit år og så bar det vidare til Sorø i Danmark kor eg gjekk i 3 år.

Etter denne skulen vart eg forespurt om å bli heimkunnskapslærer i Fetsund. Der var eg i 4 år og treivs storlig.

Men så kom den nye sentralskulen på Bjerkreim i 1961, og eg fekk arbeid som heimkunnskapslærer, og då den nye skulen på Vikeså kom i 1967 flyttet eg over dit og tok 12 store oppgaver i pedagogikk, metodikk og historie på Lærerhøgskulen i Levanger, ialt 6 veker i 2 sommare.

Då eg vart pensjonert 67 år gammel hadde eg vore i full jobb gjennom 40 år, og har hatt eit minnerikt arbeidsliv.

Heimen min

Eg vaks opp i ein god heim med ein stor søskenflokk omkring meg, 6 var eldre enn meg og 4 var yngre. Me vart vant til å vera mange folk i huset, og så hadde me mange som besøkte oss. Mamma og pappa likte å ha mange omkring seg. Kvart jul skulle alltid alle samlast i heimen, sjølv om dei hadde flytta ut for lenge sidan. Slik heldt me på til lenge etter at barnebarna var vaksne og hadde fått seg både ektemaker og barn. Ja, me vart langt over 30 som overnatta i heimen – her var det plass til alle.



Huset, kor eg var fødd, stod på Øygard fram til 1941, då vart det solgt til Ole Andreas Bjerkreim for kr. 500,- og ei stove flytta til Bjerkreim, nå i bruk som «Olahytta» på min nåværende heim plass.



Garden Øygard i 1954. Det nye huset vart bygd i 1939, dei grov ut for hånd, og heile huset kom på kr. 3000,-, og mamma fekk Fylkesgartneren til å koma med forslag til hage-beplantning.

Så må eg fortelja om mamma (Julie) og pappa (Luther). Mamma var fødd 1896 og kom frå Gjedrem. Ho var 3. barnet av i alt 6 søsken. Ho fortalte at då ho var liten og gjekk på skulen på Bjerkreim, så måtte ho ofte sløyfe skulen for å være med i arbeidet heime. Ho meinte sjølv at ho til saman hadde mista eit år av skulegangen sin på dette viset. Men mamma var glad i å arbeida, ho var eit uvanlig arbeidsmenneske.

Pappa var fødd 1889 på Malmei. Han reiste til USA i 1907 og kom heim att i 1912. Då kjøpte han garden Øygard, fyrst det eine bruket, og sidan det andre. Pappa og mamma gifta seg i 1918. I desse åra i USA arbeida han på farm i Nord-Dakota og vart vant med store dyreflokker, han hadde siden stor interesse for sauedrifter, slakting og kjøttarbeid.

Pappa dreiv Kvitlaheia, der var han ofte om sommeren. Han hadde Lukas Berland som fast sauegjæter i heia, og så husker eg at Tønnes Kvitlen kom heim om hausten og fekk betaling for leige av heia.

Når hausten kom, var pappa mykje opptatt av slaktearbeid. Eit år slakta han 60 småfe heime. Han var også i Egersund og slakta, både for Fuglestad og for Grøsfjeld Slakterforretning. Og så likte han å arbeide med kjøtt. Det var alltid han som salta kjøttet – han laget til saltlaken, då stakk han en 3-tommers spiker i ein passe stor potet og då skulle den flyta i laken når den var salt nok.

Men pappa var og flink med hendene i skinn og lærarbeid, han kjøpte trebotnar, sola og laga sko, og laga fine skulevæsker til oss barna. Han hadde ein del skinn-utstyr; nåler, bekatråd, skoleist og anna som hørde til. Så laga han treskor og anna forskjellig trearbeid.

Mamma sydde alt til alle ungane, og til jul fekk alle gutane nye bukser, og jentene skulle ha nye kjoler. Først då eg vart konfirmert fekk eg dei første kjøpe-klærne. Og i verkstaden i kjellaren stod vevstolen; den bruka ho ofte. Ho tok ulla, med farging, spinning og heile prosessen til det vart ulltepper, golvtepper og pleid. Ho strikka «Seljespøt» og solgte til Torfrid på Bjerkreim, som videresolgte det til Amerika. Eg vil seie at mamma kunne alt; sydde, broderte, og «gikk med spøtet» som dei sa. Det var å spøte då dei gikk ute på marka. Og ho var og aktivt med i Helselaget.

Og så gikk ho rundt i bygda og kokte, men og i andre bygder, ho kokte i konfirmasjoner, bryllup og begravelser. Siste gang ho kokte, da var ho 80 år gamal.



Bjerkreim er kjent som landets største sauekommune. Her har sauen alltid vore viktig del av næringsgrunnlaget, noko som har satt sitt preg på matkulturen.

Vaskuset på garden



Innenfor døra til venstre var Vaskuset.

Vaskuset var eit viktig rom i all mat-tilberedning heime på Øygard. Det var her alt grovarbeidet foregjekk. Vaskuset var ein del av fjosbygningen og låg i enden av fjoset med ei eigen dør inn fra gardsromet.

Under slaktinga var det slik at sjølve slaktinga foregjekk ute i gardsromet, men etterpå vart slaktet hengt opp inne i vaskuset i slaktekrokar under taket. Her vart dyret (ikkje griser) først flådd, så vart innmaten teken ut og dyret vart partert i mindre stykker som vart skåret opp på ei stor bordplate som vart oppsett i rommet. Me kalla denne plata for «bakebordet», for det var her all baking føregjekk, og det var så godt som kvar laurdag.

I vaskuset var det også ein vedfyrt ovn med bakehelle og ei stor gryte kor mamma varma klæsvasken. Men me hadde og ein motordreven vaskemaskin med trestamp kor det gjekk eit røreutstyr fram og tilbake. Me fekk straumen frå kraftverket på Gjedrem i 1928.

Det stod ein separator fastmontert på benken, og ved sida stod ei sveivekinne, og på golvet ei stampekinne. Den fyrste tida eg hugser leverte me bare fløyten til Ysteriet på Vikeså, seinare leverte me heile mjølka. Eg har brukt begge kinnene til å laga smør.

Den nysilte mjølka vart oppbevart i dette romet. Her hadde me ein trestamp med kaldt vatn i som mjølke-spannet stod i og var avkjølt.

Mjølkk

Me hadde 8-10 kyr på garden då eg var liten. Om sommeren gjekk kyrne ute på kulturbeitet, og då gjekk me dit og mjølka kyrne. Dei gjekk eit stykke nedforbi garden, der me kan sjå både til Gjedrem og til Vikeså, og då sat me altså ute i det fri og mjølka.

Me leverte bare fløyten til Ysteriet på Vikeså, seinare i slutten av 1930-åra, leverte me mjølka i spann som me kjørte ned til melkerampen i Holmen. Og så hadde dei kjøring til Vikeså kvar si veke.

Råmjølk kan brukas i staden for egg på grunn av proteiner, og der er ikkje jern. Denne mjølka vart brukt til skilt, dravle, gome og kodravle, det siste vart nytta til dessert eller som pålegg på skjeva. Møssmør (laga av søt til gomen) vart bruka til pålegg.

Når mjølka vart separert fekk me fløyte og skumma mjølk. Då vart det lagt fløytekolle i små og store skåler.

Me fekk ikkje levere fløyten av råmjølka. Denne vart kinna til smør og fekk ein litt annan smak og vart nytta til husbruk. Ellers vart råmjølk brukt til jødekaker, og til å bake av, unntatt dei to første måla. Desse to måla vart brukt til skjilt.

Mjølka var også nytta i graut, for det meste havregraut, også til mjølkesuppa eller klimpasuppa. Me drakk mykje mjølk, både sur og søt. Så hadde me noko som me kalla fattigmannskost. Det var mjølk med salt og peppar som me dypte kokte jordeple (poteter) oppi når me åt – det var godt.

Mamma laga knost av kokt og silt mjølk. Denne osten vart gjæra på låven i høystakken. Så vart den tilsatt salt og karve. Me laga aldri gamalost hjå oss.

Så bruka me mykje mjølk til pannekaker og lappar. Til kvelds hadde me gjerne sodl, det var sur mjølk og flatbrød som me åt i lag.



Bjerkreim er ei typisk jordbruksbygd, der hovednæringa i alle år har vore mjølkeproduksjon. I sommerhalvåret ser du kyr beite ute i kulturlandskapet. Men dette er i ferd med å endre seg, med større drifts-einingar, med samdriftsfjøs og folk som tek seg anna arbeid.

SURMELKSSUPPE

8dl surmelk
4dl melk
4ss hvetemel
ca 3ss rosiner
1ts vaniljesukker
1dl fløte

Lag jevning av melet og den sure melka. Kok opp og spe med varm lettmelk. Ha i rosiner og kok opp suppen i 10-15minutter. Smak til med vaniljesukker. Server med en kremtopp på.

SURMELKSFROMASJ

m/rød saus
7dl kulturmilk (kan evt. ta 6dl kulturmilk og 1dl fløte)
70g sukker
1ts vaniljesukker

Piskes til det blir luftig.

5 plater gelatin

Legg gelatinen i kaldt vann i 10min. Tøm av, sett det oppi varmt vann til den er oppløst.

SITRONFROMASJ

2 egg
120 g sukker
3 dl. Fløte

Piskes til det blir luftig

Saft av 1 sitron
2 ss melis
5 plater gelatin

Legg gelatinen i kaldt vann i 10min. Tøm av, sett det oppi varmt vann til den er oppløst.

SEMULJEGRØT

2 liter melk
2,5dl semulegryn
1ts salt
60g sukker
2 egg

Kok opp melka. Lag en blanding av semulegryn, sukker, salt og egg. Bland oppi melka. Kok opp, kokes ca 10minutter. Kjøles ned og serveres med rød saus.

RÅMELKSPUDDING

1 liter råmelk av 1. eller 2. mål
 $\frac{3}{4}$ vanlig melk
60g sukker
1,5ts kanel

Bland alt. Fyll i brødforn. Settes i vannbad i steikeovnen på 150-170 grader. La stå til den er stiv. Serveres med rød saus.

RØMMEGRØT

6dl med sur fløte
85g hvetemel
7,5dl melk
1ts salt
1ts sukker

Fløten skal kokes i 10 minutter. Tilsett 1,5ss mel i fløten, rør godt. Ta gryten av varmen, legg et lokk på. Skal stå noen minutter slik at fettete får komme ut. Skum deretter av fettete, spe med resten av melet og kokende melk. Serveres med fettete som er skumma av og sukker og kanel. Hvis det er vanskelig å få ut fettete, skal du tilsette en eggehvite.

RISSUPPE

1,5 liter H-melk
100g ris
½ts salt
2ss sukker

Når melka koker opp, tilsetter du risen, og kok deretter i 30 minutter.
Tilsett salt og sukker på slutten av koketiden.

MAKARONISUPPE

1,5 liter H-melk
60g makaroni
¼ts salt

Smak til med sukker. Kokes til makaronien er kokt.

JØDEKAKE AV RÅMELK

1 liter råmelk
350g margarin
500g sukker
ca 1kg hvetemel
2 store spiseskjeer hornsalt

Til pensling: Råmelk. Sukker og kanel. Margarinen skal smeltes, bland deretter alt. Kjevles ca en halv cm tykt. Stikk ut med Norgesglass-ringer. Pensles og legg sukker og kanel på midten av kakene. Stekes ved 180 grader, til de blir gylne.

GRUNTEGRØT

m/rød saus, (ca 4 pers)
7,5dl melk - kokes opp
2,5dl fløtemelk
2egg
1ss hvetemel
1ss potetmel
2-3 mandeldråper
70g sukker

Blandes i en bolle, spe deretter oppi melka. Kok opp.



Svelavatnet ein vinterdag

RØD SAUS

3dl vann

2dl saft (heimalaga)

Smak til med sukker. 2-3ts potetmel, røres ut i saft eller vann. Blandes oppi safta.

GOME

4 liter melk - kokes opp.

5-10 egg. Til mer egg, til mer gome får du.

½ liter surmelk

1 liten kopp sukker

1 liten kopp lys sirup

1ts edikk

Kandisukker

Bland egg, surmelk, sirup, sukker og edikk. Has oppi den kokte melka. Kokes, ikke ha for sterk varme. Når alt har samla seg, drysser en en neve med brun kandisukker. Kokes ca i 4 timer.

DRAVLE

5 liter H-melk

½ liter kulturmilk

6 egg

150g sukker

Kok opp melka. Lag blanding av egg, kulturmilk og sukker. Når melka koker har du blandingen oppi melka i gryta. Blandingens varmes opp til den begynner å stivne. Pisk deretter 2 egg, og tøm oppå dravlen. Når det har stivnet, legger du blandingen lagvis over i en fin serverings-bolle.



Her har Astrid samla utenlandsk ungdom i heimen sin til smaksprøver på god Bjerkreimskost.

Fra HÅVAMÅL:

*Ta deg oftast
eit tidleg måltid,
om du skal ut på gjesting;
ein skal ikkje sitja
forsluken og grådig
aldri sei eit ord.*

Egg



Heime på Øygard var hønsa brunspraglete og kvite. Her ser me ein flokk Jærhøns som er den einaste norske hønserasen, og stammer fra den norske landhønstypen slik den var før man begynte å importere hønseraser fra utlandet rundt 1850.

På baksida av sauefjoset hadde me hønsehuset med ein nettinggarde utanfor. Der hadde me omlag 20 høns. Og så hadde me alltid ein hane, for nokre av hønsa skulle være kluksehøns som fødte fram kyllinger. Me var såleis alltid hjelpte med eigne høns og fekk også nokre kyllinger me kunne slakta.

Hønsa me slakta skar me opp i mindre stykker og brukte som steik på panna. Me laga aldri såkalla «hønse-suppe», det var ikkje vanlig på våre kantar. Og så plukka me av fjøra og bruka duna til å ha i dyner og puter.

Hønsa fekk matavfall fra husholdningen, det vanka noko mais, og så hadde dei jevnlig ei kålrabi-rotfrukt å hakka i, som me festa på ein spikar på veggen. Og etter slaktetida fekk dei alltid beinrester som me knuste sund. Det gav gode egg med hardt skall.

I påsketida koka me påskeegg ute i det fri, det var årviss tradisjon. Og så tok me også nokre egg som me blåste ut innholdet av og malte skallet i fine farger, og hengte så opp i stova.

Den som prøver å gjera noko, men misslykkes, er alltid betre enn den som ikkje prøver på noko – prøv ei av dei mange oppskriftene her.



I Bjerkreim held mange familier på den gamle skikken med å koka påskeegg. Då tek dei med seg barn og barnebarn ut i det fri, lager bål, og nyt medbrakt niste – og er dei heldige, den første vårsola

VANNBAKKELS

125g smør
125g hvetemel
2,5dl vann
3 store egg

Kok opp smør, vann og mel. Kokes til det slipper gryta. Avkjøles. Tilsett deretter ett egg om gangen. Form som stenger, kringler eller topper. Stekes ved 180g. Ikke åpne stekeovnen før de er stekt, da detter de sammen. Skal være gylne på fargen. Stengene og kringlene pyntes med melis, mens toppene fylles med kremfløte, dryss litt melis over.

SUKKERBRØD

26cm form
4 egg
120g sukker
½ kopp varmt vann
Dette piskes til eggedosis.
1½ kopp hvetemel
½ kopp potetmel
¼ts bakepulver

Siktes oppi eggedosisen. Bland forsiktig. Stekes på 180 grader på nederste rille. Når kaken slipper forma, er den ferdig.

PØLSEOMELETT I FORM

1-1 ½ liter kokte poteter
¼ kg pølse
1 løk
2ss smør
salt, pepper, persille, revet ost

Bland 3 kopper melk, 2-3 egg og 3ts hvetemel. Skjær poteter og pølser i skiver. Brun løken litt, og legg alt lagvis i en form. Strø persille og revet ost over. Pisk sammen egg, melk, mel og krydder, og hell det over. Stek i middels varm ovn ca 20 minutter. Server med smelta smør og råkostsalat til.

OMELETT 1

6 egg

6ss melk

2 stk finsnitta vårløk

ca ½ boks bogskinke

½ts salt

½ts nykvernet pepper

margarin til steking

Pisk egg og melk, med litt salt og nykverna pepper. Stek omeletten ved svak varme. Når den er gyllen, drysser du den snittede vårløken over. Serveres med brød.



Svelavatnet ved Vikeså sett fra Storafjellet

OMELETT 2

130g makaroni

Vann til makaronien

Salt

½ liter melk

3 egg

Eks skinke, røkeflesk

Salt, pepper, kavring

Kok makaronien, avkjøles. Legg i ei form. Skjær skinken i strimler, legges lagvis med makaronien. Pisk egg, salt og pepper og visp med melka. Tøm oppi forma, dryss kavring oppå. Stekes i ovnen, ved svak varme i 45-60 minutt.

KJØTTBRØD MED EGG

(8 porsjoner)

500g karbonadedeig

6 hardkokte egg

2ts paprikapulver

½ts salt

½ts pepper

1 løk, finhakkes

50g brødrasp

1 egg

Bland kjøttdeigen med ingrediensene. Legg de hardkokte eggene i midten, brei over med karbonadedeigen. Formes som et brød og legges oppi ei gratengform. Stek på 175g i 45 minutter. Serveres varm eller kald med potetsalat og brød til.

KARAMELLPUDDING

(4 personer)

250 gram sukker

Brunes til lys karamell. Has oppi en brødform.

½ liter melk

5 egg

3ss sukker

1,5ts vaniljesukker

Blandes. Fylles oppi forma. Sett forma i vannbad i ovnen, på 100 grader. Skru opp ovnen litt underveis, stekes ca 1-2 timer. Er ferdig når den er stiv. Pyntes med krem og frukter/bær.

EGGERØRE

1 egg

1ss fløte

Litt salt

Piskes lett sammen. Stivnes på panna med smør. Bruk en flat sleiv, og skubb forsiktig bortover. Klipp gressløk og dryss over. (Ein beregner ca 1 egg pr person)

Kjøttretter

Slaktinga foregjekk ute i gardsromet vårt, enten det var sau, lam eller gris. Så vart skrotten opphengt i slaktekroker i vaskuset. Der vart parteringa av kjøttet og opparbeiding av innmaten gjort.



Her er Otto, svogeren min (til venstre) med under griseslaktinga på Vinningland.

Heime hadde me omlag 80 vinterfora sauer og 2 griser. Me slakta alle lamma som ikkje skulle påsettes og nokre av dei eldste sauene gjekk også med. Begge grisene vart slakta like før jul. Så vart også nokre av ungdyra eller ei gamal ku slakta.

Sauene var enten klypt eller uklypt før slaktinga. Eg hugsar at me leverte skinn til Saie innmed Odlandstøet, der dreiv dei med garving.

Av sauen vart det laga pinnakjøtt og fenalår som vart salta og opphengt til tørk, og det vart laga rullepølser.

Av grisen fekk me flekk som vart salta. Me bruka alltid lake i store eikestamper (eika gir ikkje smak). Så vart det koteletter og flekk til steik. Av hodet vart det persesynte, og av labbane vart det syltelabbar. Sidene av grisen vart sendt til røyking og tørking, så vart dei hengte opp som pinnakjøttet, og me skar av eit stykke når det passa.

Av fersk mat var det nakkekoteletter av gris, og fra sauen vart det fårikål, frikase eller lapskaus. Me hadde ikkje kjøleskap, det første me fekk kjøpte eg til mamma då eg var i Fetsund, omlag 1960.

SURSTEIK

Oksekjøtt, en beregner 250 gram per person.
Legges i kulturmelk, i et kar eller pose. La ligge i kulturmelka i en uke. Skyll deretter kjøttet, og tørk det.

Legg deretter kjøttet over i ei langpanne, med godt med løk, smør, salt og pepper. Steikes i ovnen, på 150-180grader. Snus underveis.

Når kjøttet er ferdig, merker du at når du trykker, skal det sitte igjen et merke.

Settes kaldt natten over. Skjær deretter opp kjøttet i tynne skiver, og legg det over i folie.

MARINADE

Fløte

Smør

Persille

Grønnsaksbuljong

Kokes til det tjukner. Ha deretter marinaden, over på kjøttet og pakk inn i folie. Legg det over i langpanne med litt vann, og varm det i stekeovnen.

SAUS

Bruk krafta som fra steiken. Spe på vann, til ønsket mengde saus. Bruning av smør og mjøl, og rør dette ut til en jevning. Tilsett i sausen.

Smakes til med fløte, ananas-kraft og evt. en buljongterning. Sil sausen etter at den er kokt, farg den eventuelt med sukkerkulør.

LAMMEFRIKASE

Kjøtt (Beregn ca 250 gr per person)

Vann

Salt

Kokes til kjøttet nesten er mørt

Gulrøtter

Kålrabi

Deles fint opp i stenger.

Kok grønnsakene med kjøttet til alt er kokt.

Lag jevning av:

60g smør

60g mjøl

Spe med kjøttkrafta. Tøm deretter sausen over kjøttet. Smak til med evt buljongterning, salt og pepper. Server med hakka persille og poteter.

KYLLINGRETT

ca 400 gram kyllingfilet

Løk

ca 60g smør

Salt

Kvernet pepper

Ha i kyllingfileten i ei ildfast form. Skjær løken opp i terninger, ha i smøret og krydderet og ha oppi i formen. Ha lokk over, og sett i stekeovnen på 180grader, til kyllingen er mør. Snu filetene litt underveis. Server med fløtesaus og ris.

FLØTESAUS

1 løk, deles opp i terninger, surres i panna med smør.

1 Grønnsaksbuljongterning.

Ketchup, fløte

LANGKORNET RIS

1 kopp med ris

2 kopper med vann

Ha oppi ei gryte, legg lokk over. Er det ikke helt tett, legg en klut mellom gryta og lokket. Når du ser at det pipler ut væske, skru ned på den svakeste temperaturen, og la stå i 12 minutt, uten å løfte på lokket. Dette kaller vi steam-koking. Trekk gryten til sides, uten å løfte på lokket, la stå i nye 12 minutt.

KOTELETTER

Beregn 250 gram kjøtt per person.

Salt og pepper drysses over kotelettene.

Dypp kotelettene i eggehvite.

Dyppes deretter i brødrasp.

Stekes i steikeovnen på 180 grader, til kotelettene slipper beina. Kan også steike kotelettene på grillen. Serveres med potetsalat og krafta fra kjøttet.

POTETSALAT

6 middels store poteter.

Sellerirot

2 ss persille

2 ss løk

Potetene kokes, avkjøles og skjæres opp i terninger. Kok sellerirot. Skjær sellerirot opp i terninger, skal være ca en halv kopp med sellerirot. Finhakk persillen. Finhakk løken.



Mange Bjerkreimsbuer har vore med sauer til heis, og kjenner til kordan matstellet er i gjæterhytter langt inni heia. Det er ofte svært primitivt, men likevel ein opplevelse med gode minner. Her ser me «kjøkkenet» i ei slik hytte.

Når gjætaren budde fast i ei slik hytte i sommerhalvåret hadde han gjerne med seg ei ku. Slik fekk han fersk mjølk, og så la han ned surmjølk i flasker i eit myrhål og hadde dermed mjølk seinere på hausten og utetter vinteren under sankingsarbeidet.

Det var også vanlig å ha eit røykt fleskestykke hengande som proviant, og gjerne eitt eller to fenalår. Nokre dyrka poteter på heia, og i eldre tid var det alltid flatbrødleiver i hytta.

Så vanka det ofte ferskt kjøtt av nødslakta dyr som hadde skada seg. Nei, ingen leid noko naud om dei budde langt inne på heia.

DRESSING

1 kopp majones
 ¼ kopp med eddik 5-7 %
 1 ts salt
 Litt paprikapulver
 Litt pepper

Kan tilsette pisket fløte eller kulturmelmk. Bland alt.

KOMLER

Den beste smaken på komla blir om du koker svine- og lammekjøtt sammen. Sett kjøttet på kok. Er kjøttet saltet, skal det ikke has salt i vannet.

10 rå poteter
 4 store kokte poteter
 1ts salt
 1ss sukker
 mjøl

De kokte potetene er med på å hindre at komlene blir faste. Alle potetene skrelles og raspes.

Tilsett 1 ts salt og 1 ss sukker.

Mjøl, nok til at ikke deigen blir klistrete når du former komlene. Form komlene ved å dyppe hendene i lunka vann. Form komlene med dott i. Kan bruke et av disse alternativene:

- 1: Ister
- 2: Morrpølse
- 3: Meierismør

Kok komlene i kjøttkrafta. La koke ca en time. Komlene siger opp, når de er ferdig kokte siger de ned. Før brukte en å koke poteter, gulrøtter og kålrabi sammen med komla.

Skum av fett fra krafta. Kaltes som «flåde» før. Serveres til komla, eller du kan bruke smelta smør.

KJØTTSUPPE MED KLIMPER

1 ¼ kg oksekjøtt
 2 ½ liter vann
 2 ts salt
 2-3 gulrøtter
 2 skiver kålrabi
 ¼ kål

Ha i en suppekvast av et blad av en purreløk, rulles sammen og bindes med hyssing, og la det koke med

grønnsakene. Kok kjøttet ca 1 1/2-2 timer. På slutten av koketida, tilsetter vi grønnsakene, som er kuttet opp i strimler.

KLIMPER

3 egg
1 ss sukker per egg
1 dl melk

Bland sammen, tilsett mjøl til passe deig. Den er passe når den ikke flyter ut av skjeen.

Dypp ei spiseskje oppi suppa, og form klimpa, og ha de oppi suppa. Dypp skjeen for hver klimpe. Suppa skal koke med klimpene til grønnsakene er møre. En kan servere suppa med poteter og løksaus.

LØKSAUS

1 løk, deles opp i terninger. Surr med smør og mjøl.
40g smør
40g mjøl

Spe i litt av kjøttsuppekrafta til sausen er passe tykk. Smak til med litt sukker og litt eddik. Dette kaller man en sursøt saus.

KJØTTKAKER

1kg kjøttdeig
2ss hvetemel
1ts salt
½ts pepper
4 egg
ca 1,5 dl melk

Elt alt i mikseren. Form til kjøttkaker og brun dem i smøret. Ha ei gryte med vann, 1 løk delt opp i båter. Tilsett kjøttkakene.

BRUN SAUS

60g smør
60g mel

Brunes til det får karamellfarge. Tømmes oppi gryta med kjøttkakene. Kokes ca 30 minutter. Smak til sausen. Hvis sausen er for lys, kan du tilsette litt sukkerkulør. (Hvis du tar like mye smør som mel, skal det ikke bli klumper.)

Historien om Paul`s kjøttkaker:

Paul skulle stella heime, hans kone var på sjukehuset. Han hadde aldri vore nokon meister med matkunsten, men han hadde bestemt seg for å laga kjøttkaker mens kona var borte. Det skulle han vise at han ihvertfall kunne. Og det sa han til kona før ho reiste, ho hadde noko stort å gleda seg til når ho kom heim att.

Paul satte igang. Han visste at der var ei stor kokebok i huset, men kor var nå den henne. Alt han fann var ei gamal flyssen skrivebok med oppskrifter. Her stod det om kjøttkaker, men bare kva som skulle være inni, og ingen ting om kordan dei lages. Pytt, pytt, tenkte Paul. Nå må eg bare tenkje på kordan kona gjer det. Fyrst leste han grundig gjennom oppskrifta. Der stod det kva som skulle være i kakene. Og han leita i kjøleskapet og i fryseboksen. Jau, han fann alt kva han trengte – nesten.

I kokeboka stod det; salt, pepper og paprika. Men ingen paprika fann han, kor han leita. Dette kan ikke stoppa på grunn av den «fille» paprikaen, tenkte han og hoppa i bilen, i forretningen finn eg i alle fall kva som trengs. Når han kom tilbake leste han oppskrifta ein gong til før han starta, og då skjøna han at det var paprikakrydder dei meinte. Og det var det massevis av i huset.

Så var det kordan han skulle gå fram. Jau, fyrst tek eg ei gryte på komfyren og har alt oppi, så rører eg om mens eg varmer opp. Når eg har fått den rette «kjøttkakefargen» kan eg forme kakene, og ha dei på panna.

Paul rørte og rørte, men det vart bare en blaut masse. Kanskje eg har hatt for mykje vatn oppi?, tenkte han. Men det ordner seg, eg skal bare la varmen stå på noko lenger, så vil alt vatnet dampe bort. Jau då, massen vart fastere etterkvart.

Så skulle han forme kjøttkakene. Han visste at kona brukte ei skei som ho dyppa i vatn kvar gang ho forma kjøttkakene. Men det gjekk ikkje så godt, heile kjøttkakemassen falt bare frå kvarandre. Det var rart!

Men så kom han på å forme kakene imellom hendene, det hadde han sett nokon andre gjera. Dette gjekk noko betre, dei vart litt fastere, men etterkvart som dei kom på panna datt dei likevel fra kvarandre. Oi, tenkte Paul! Da får eg heller steike dei litt lenger.

Så vart kjøttkakene ferdige. Heldigvis fann han ein pose med ferdig kjøpesaus i skapet, så då var det bare å følge oppskrifta på baksida av posen. Det gikk glimrande! Paul fann fram en fin duk og satte fram stearinlys på bordet. Nå skulle hans aller første kjøttkaker verkelig nytes.

Sant å sei, det vart ingen herremåltid, kjøttkakene gikk rett i søppla, dei var ikkje etande. Da tenkte Paul; nå finnes det bare to muligheter: Enten gir eg opp heile kokekunsten, eller så tek eg dette som ei utfordring. Han valgte det siste!

FÅRIKÅL

1 kg kjøtt

3 ts salt

1 ½ kg kål

12 pepperkorn, hel (eller malt pepper)

4 ss hvetemel

½ liter vann

Ha litt smør i bunnen av gryta. Legg lagvis kål, kjøtt og mel. Tilsett vannet, kokes ca 1 ½- 2 timer. Serveres med poteter.

ERTESUPPE

½ liter erter

1 ½ kg kjøtt (lam eller okse)

Gulrøtter

1 Løk

Selleri

Ertene legges i kaldt vann, la stå natten over. (Bruk ca 2 liter). Sil av vannet, legg ertene over i gryta. Hell over 2 liter med vann. (usaltet). Kok ertene til de er møre.

Kok kjøttet for seg. Hvis det ikke er saltet, ta oppi salt. Kjøttet kokes til det er mørt.

Tilsett deretter gulrøtter, skjæres i skiver, legges oppi gryta. Skjær løken i tynne skiver og ha oppi. Sellerien skjæres opp i terninger. Godt med klimper oppi. Bland i ertene.



Vårløsning, nå våkner alt til liv

Fisk



Sildefiske 1932.



Sildefisket fra Egersund i 1930-åra. I dei beste åra kunne havna være full av fiskefartøy.

Utpå nyåret begynte vintersildfisket utanfor Egersund, da kunne det være store fangster som kom inn til byen. Pappa fekk med seg mange sild heim. Me fraus denne silda, hugsar eg, så då hadde me fersk sild i lang tid. Men me hadde ingen fryseboks, må vite. Me gjorde det slik, at silda først vart lagt ut til den var gjennom-frossen, så vart den nedgravet i den store fonna ved huset, for snøen låg vanligvis lenge i den tida.

Men me hadde og fisk til andre tider, det vart kjøpt fersk makrell som me åt kocht eller steikt, og me fekk tak i andre fiskeslag som torsk eller sei. Då fekk me fiskesuppe som mamma laga. Me kjøpte og fiskekaker. Alt måtte me kjøpe i Egersund, ingen gjekk rundt og solgte fisk som eg hugsar. Men hjå Torfrid på Bjerkreim eller Forbruken på

Vikeså fekk me tørrfisk.

I sommerhalvåret og hausten vart det også fiska røye og aure i dei mange fjellvatna hjå oss. Me satte aldri garn, så fisket foregjeikk med stong eller med «stegla» som me kalla det.

Til jul lag mamma alltid sursild, det var av sildefile, alltid kjøpt i Stavanger. Men eg vil seie at fisk var nok lite tilskot i kostholdet heime hjå oss, og sikkert hjå dei fleste på våre kanter.



Bjerkreimselva er den beste lakseelva i Rogaland, og ei av dei beste i landet. Største årlige fangst er over 20 tonn fisk (for 2011). Likevel kan dette i dag ikkje regnes med som noko matauk i husholdningen. Alt fiske i elva er kun sportsfiske med stang og håndsnoere, annet fiske vart forbudt fra 1968.

FISK I GRØNSAKSAUS

En pk. 300 g med frossen eller fersk fisk som kokes. Hvit saus. Hel pakke frosne grønnsaker eller friske grønnsaker.

Serveres på et fat først med fisken, grønnsakene og heler den hvite sausen oppå. Kan pyntes med persille.

FISKEKARBONADER

1 pk. Fisk (ca. 300 g)

100 g flesk

salt og pepper sakes til.

Mal fisk og flesk på kjøttkverna. Lag runde karbonader av dette, og pensles i eggehvite og dyppes i karving. Stekes og serveres med poteter og salat.

FISKEGRATENG

1 boks fiskeboller (deles opp i terninger) eller 400 g fisk. Lag en tykk hvit saus. Bland fisk eller fiskeboller oppi sausen. Ta 4 eggeplomme og salt og pepper oppi.

Pisk eggehviten stiv og blandes forsiktig i. Legges i en gratengform og dryss karving på toppen. I stekeovnen på 180 grader til gratengen er stiv. Serveres med poteter og salat.

OVNSTEIK LAKS

Folie, laks, sitronpepper, limesaft, meierismør, salt.

Gulerøtter og purre skjæres tynt opp.

Pakkes inn, og i ovnen på 180 grader. Skal være inni til grønnsakene er kokte og fisken løsner i fra beinet. Serveres med rømme og poteter.

DRESSING TIL LAKS

Kalt vann (så mye at det dekker fisken), løk i skiver, soyasaus, litt hvitløk, raspet ingefær (hel), litt sukker.

Blandes og legg laksen oppi. Der skal den skal ligge og trekke i 2 timer. Deretter tas den opp og legges i folie, strø salt, pepper og olivenolje på, i ovnen på 180 grader. Kan brukes hel laks eller laksefilet.

FISKEKAKER

1 kg rensset fisk (torsk, sei eller hyse)

4 ts salt

4 ss potetsmjøl

½ ts pepper

½ ts muskatt

1 løk

2 egg

fløtemelk

Mal alt, tilsett egg og sped med melk, til deigen er fast. Formes som runde flate kaker og brunes på panna. Kokes så oppi den brun saus.

BRUN SAUS

60 g mjøl

60 g smør

Brunes på panna til karamellfarge. (kan bruke sukkerkulør vist ikke fargen blir brun nok) Sper med fiskekraft og en grønnsaksbuljong.



Eg hugsa Bjerkreimsveka på Vikeså skule, det var gildt. Då laga eg tradisjonell bondekost frå Bjerkreim. Her ser me lærare og elevar forsyne seg av komler både med og utan blod, sauehoved og -føter, pinnakjøtt med kålrabi-stappe og jordeple, vasskringler, essar og rennekaker, kransar, kneippkjeks og jødekaker av råmjølk, gome og karamellpudding, ripssaft og plommesytt.

Blodmat

Ved slaktinga vart det mange liter blod ein prøvde å ta vare på. Blodet vart brukt i retter som; blodpannekaker, blodpølse, blodpudding og blodkomler.

Blodet var brukt ferskt, for blod kan ikkje lagres. Med det samme dyret vart slakta vart blodet tappa av, det rann rett ned i ei bøtte, som ein må heile tida røre i for at det ikkje skal stivna (koagulere). Røringa foregår til blodet er avkjølt. Eg har mange gonger vore med under slaktinga og hatt til oppgave å røre i blodet.



Haustbilde fra Asheim. Nå starter tida for jakt, det være seg på andefugler, hare, rådyr, hjort eller elg.

BLODPUDDING

½ liter blod

100g støtt brød eller kavring

100-150g nyretalg

50g rosiner
100g sukker
1 ts salt
½ ts pepper
½ ts nellik
3-4ss hvetemel

Blodet siles og vispes sammen med saltet. Tilsett brød, mel og krydder, siktes. Tilsett den finhakkede nyretalgen og rosinene som først er forvellet i melblandingen. Has i godt smurt og strødd form og stekes i vannbad ca 2 timer. Deigen fylles i brede tarmar, ca $\frac{3}{4}$ fulle, eller man kan lage poser av tøy. Pølsene legges i kokende, saltet vann, gis et oppkok uten lokk og små-trekker ca 5 min. Tas opp, avkjøles og prikket med en stoppenål. Legges tilbake og kokes fra 45-60 min. Serveres med smeltet smør og tyttebærsyltetøy.

Ei jente kan vinne en gutt med lukta av parfyme, men ho kan ikkje behalda han utan lukta av god mat.



Bjerkreim har eit rikt fugleliv. Men det skjer store endringar. Nå er det ikkje lenger mulig å sjå åkerriksa, noko som var ganske vanlig for 30-40 år sidan. Likedan ser me at vipa er i ferd med å forsvinne. Fuglelivet endrer seg etter som kulturlandskapet endrer seg.

BLODPØLSER

½ liter blod
100g støtt brød eller kavring
100-150g nyretalg
50g rosiner
100g sukker
1ts salt
½ts pepper
½ts nellik
2-3ss hvetemel

Blodet siles og vispes sammen med saltet. Tilsett brød, mel og krydder, siktes. Tilsett den finhakkede nyretalgen og rosinene som først er forvellet i melblandingen. Has i godt smurt og strødd form og stekes i vannbad ca 2 timer. Deigen til blodpølsene, er den samme som til blodpuddingen, bare med litt mindre mel. Deigen fylles i brede targer, ca $\frac{3}{4}$ fulle, eller man kan lage poser av tøy. Pølsene legges i kokende, saltet vann, gis et oppkok uten lokk og små-trekker ca 5 min. Tas opp, avkjøles og prikkes med en stoppenål. Legges tilbake og kokes fra 45-60 min. Serveres med smeltet smør og tyttebærsyltetøy.

BLODPANNEKAKER

½ liter blod
1-2ss finhakked nyretalg
1ts salt
2ss sukker eller sirup
¼ts kardemomme
¼ts kanel
1ss hvetemel
1 ½ss rugmel eller grynmel


Blodet siles. Alle tørre ingredienser blandes sammen og blodet spes i. Røres godt, og litt finhakked ister (fett) eller nyretalg tilsettes. Stekes tynne ved langsom varme. Sukker, syltetøy eller stekte epler serveres til.

BLODKOMLER

½ liter blod
1ss salt
¾ liter rå revne poteter
¼ liter kokte, malte poteter eller brød
grynmel
hvetemel

½ kg ister
1ts ingefær
1ts pepper
2ts salt
1ss sukker

Ister skjæres opp i små stykker, legges i kaldt vann noen timer. Tas opp og gis et oppkok i saltet vann, legges ut over et fat og overdrysses med de blandede krydderier. Blodet siles, vispes med saltet og tilsettes poteter og mel til det blir en tykk røre. Komler lages, og i hver legges et stykke av isteren. Dekk godt over fett og legg dem i kokende, saltet vann som koker hele tiden. Koketid ca 45-60 minutter.



*Veen og Indre Vinjavatn sett fra Gloppedalsura,
Her finnes Nord-Europas største steinur.*

*Arbeid er hovedretten på livets bord, hvile er
desserten.*

Innmat

Det var mykje arbeid med innmaten. Den skulle renskas, og så vart den «løypt» som me sa. Då hadde me den i varmt vatn ei stund, mol dette og hadde det som morr på panna. Denne innmaten var lunger, vomma, og hjerte om det skulle være riktig godt.

Og så laga me heimepølse – og den var god! Pølsa vart hengt opp til røyking i gruva hjå søstrene Else og Anna på Gjedrem. Det var fleire som røykte der, for det var då slutt på gruver hjå dei fleste omkring oss.

Så må eg også nevne at me laga såpe av fettet på sau og gris. Grisefettet vart også bruka til å laga smolt. Det som vart liggende under kaltes «skræen», og det bruka me attåt jordepler me åt.



Sau og saueavl har alltid hatt stor interesse i Bjerkreim. Det var gjævt å kunne vise fram den finaste flokken eller den beste væren. Så vart det hengt sløyfe på dyret og det vanke ofte premie til eigaren. Saueutstillinga videreføres gjennom den årlige «Bjerkreimsmarken».



Sauahove og sauaføter er tradisjonsmat i Bjerkreim. For dei som slakta på slakthus fekk dei dette gratis tilbake om dei ville.

Dette er matretter som er ettertrakta av mange, men det medfører noko arbeid. Derfor går gjerne fleire saman om arbeidet og får det gjort meir rasjonelt, og ikkje minst viktig – alt det sosiale det medfører. Andre har eit årlig «etegilde» på denne kosten i godt vennelag. Desse rettar er i sannhet ingen kvardagskost lenger.

SYLTELABBER

Kok og legg skolda griselabber i en lake av 9 deler vann, 1 del salt, litt sukker og eddik. Labben kan du gjerne dele i to. Server med lefse eller flatbrød.

RULLEPØLSE

1 svange
Kjøtt fra hals og bog
Salt
Pepper
Timian
Ingefær
Løk, persille

Strø salt på svangen, legg lagvis kjøtt, salt, løk og krydder. Rulles sammen og sys fas. Legges i saltlake noen dager før bruk. Brukes til ertesuppe eller som pålegg.

PERSESYLTA

1 svinehode
vann
salt
2ts ingefær
2ts pepper
2ts nellik
Litt gelatinpulver

Hodet kløves i to og hjernemassen fjernes. Vaskes og børstes godt. Legges i kaldt vann et døgn, og vannet må skiftes flere ganger.

Rikelig vann settes over, kokes opp, tilsettes 2ss salt og hodet legges i. Når det har kookt 1 times tid, vendes hodet og kokes til benene løsner fra. Når hodet er kookt fjernes ben, øyne og ører. Svoren skjæres fra slik at det følger litt flesek med. Denne legges på et klede som er dyppet i kokende vann; svoren vendes ned. Kjøttet og flesket skjæres i tynne skiver, legges lagvis på svoren med krydderiene. Kledet bindes fast om og surres godt. Så legges dette ned i den kokende krafta, hvor den kokes i ca 30 min. Når den har kookt 15 min vendes den om.

Etter koking legges den på et fat med tung press på i et døgn. Tas opp (kledet beholdes på), legges i lake av 6 liter vann og 1 liter salt som har fått et oppkok. Laken må være kald. Kledet bør legges omkring sylten igjen hver gang man skjærer av den.

MORR I FORM

(12 porsjoner)

1 kg innmat fra får (lunge, mellomgulv, hjerte og spiserør)

100-200g nyretalg/spekk

500g benfritt fårekjøtt

2ts salt pr kg kjøttblanding

1ts nymalt sort pepper

ca $\frac{3}{4}$ ts allehånde

1-2 løk, finhakket

2-4 dl kraft/vann

Innmaten vaskes og vannes godt ut. Kok opp vann, og forvell innmaten i ca 5 min. Forvarm stekeovnen til 150 grader.

Rens innmaten for sener og hinner før den deles i mindre biter som males en gang på kvern, sammen med talg og fårekjøtt. Smak til med salt, krydder og løk, og spe med kraft eller vann.

Smør en ildfast form på 1-1 $\frac{1}{2}$ liter, og fyll farsen i. Formen settes i vannbad i ovnen til farsen er gjennomstekt, ca 45 minutter.

En kan og bruke morren til morrpølse, eller med hakka, brunet løk og poteter.

LEVERPOSTEI

375g lever (helst av kalv)

100g svinekjøtt

1 løk

2ts salt

30g smør

65g hvetemel

3dl melk

$\frac{1}{2}$ ts pepper

$\frac{1}{2}$ ts allehånde

1 egg

spekk

En avlang, glatt form kles med løvtynne skiver av spekk. Leveren renskes, legges natten over i eddikvann eller surmelk, tas opp og tørres godt og skjæres i terninger. Males på kjøttkvern 4 ganger sammen med svinekjøttet, løken og saltet. En grøt lages av smør, mel og melk, avkjøles og blandes med levermassen. Tilsettes krydder og egget. Fylles i formen og kokes i vannbad 1 $\frac{1}{2}$ – 2 timer.

LEVERGULASJ

500g lammelever
smør til bruning
4 gulrøtter
2 middels løk
ca 2dl vann
1ss mel til jevning utrørt i kaldt vann
1ts salt
¼ts pepper
1-2ss seterrømme
evt sukkerkulør

Lever renses og skjæres i terninger. Skjær gulrøtter i tynne skiver og løk i terninger, og brun dem i smør, sammen med leveren. Tilsett vann og meljevning. Kok opp og la det hele trekke ca 15 min. Smak til med salt, pepper og rømme. Farg gjerne med sukkerkulør om du ønsker det. Server gjerne med potetstappe.



I naturen finn vi mange fine former.

Ein oppskrift som ikkje deles med andre vil snart bli gløymt, men når den deles med andre, vil den bli til glede gjennom generasjoner.

DT i dag

Saueføter som skulemat

Sist veke var såkalla Bjerkreims-veke for sjuandeklassingane ved Vikeså skule. Dermed kunne den grove skiva skiftast ut med kraftig kost som blodkomler og saueføter. Lina Gjedrem (biletet) var blant dei som våga seg til å smaka på føtene, rett nok med ein viss grad av skepsis. Under Bjerkreims-veka lærer elevane å kjenna bygdas tradisjonelle matrettar både når det gjeld tillaging og smak. Neste år vil hustellærar Astrid Ø. Bjerkreim gå av med pensjon. Skal tradisjonen med Bjerkreims-veke kunna oppretthaldast, bør erstattaren hennar kunna meir enn mikromat. Les meir på side 3.



Foto: Keth Odland

HODEKJØTT

1 sauehode (ferdig utvannet) kokes. Når det er kokt, plukker en kjøttet fra beinet. Tunga renses.

1 løk, i terninger.

Brunes på panna.

Tilsett kjøttet.

Lag en blanding av:

2 egg

1dl melk

Tømmes over i panna, stivnes. Serveres med poteter eller som pålegg.

FØTTER I GELE

20 smalaføtter

saltlake

